UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Avdeling for utdanning
Arkivref: 2017/5128/JJO010
Dato: 09.05.2018

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Læringsmiljøutvalget	25.05.2018	

Ruspolitikk for studentar og tilsette ved UiT

Innstilling til vedtak:

1. Læringsmiljøutvalet vedtek ruspolitikken for studentar og tilsette ved UiT med dei innspela som kjem fram i møtet
2. Læringsmiljøutvalet ber om at ruspolitikken blir lagt ved årsrapporten som skal til universitetsstyret

Grunngjeving:
Læringsmiljøutvalet (LMU) fekk på møtet 1.3.2018 presentert eit utkast til ny, felles ruspolicy for studentar og tilsette ved UiT. Ruspolicyen blei etter møtet sendt ut på høyring til relevante instansar med høyringsfrist 20.4.2018. I alt blei ni innspel motteken innan fristen. I all hovudsak blei utkastet til ny policy støtta i høyringssvara. I enkelte innspel blei det likevel kommentert at ein burde finne eit meir dekkande norsk omgrep for *«policy»*. Arbeidsgruppa har difor foreslått at ein i staden nyttar omgrepet *«ruspolitikk»,* då det er eit omgrep som vil klinge betre på norsk.

Når det gjeld køyrereglane i ruspolitikken, har enkelte i høyringa stilt spørsmål om kor vidt ein må søkje om løyve for å servere alkohol på alle typar arrangement. Arbeidsgruppa understrekar at dette er ei vurdering som ein må gjere i kvart enkelt tilfelle. Utover desse kommentarane, er det berre blitt gjort enkelte mindre språklege justeringar i den vedlagde ruspolitikken som blir presentert for LMU i dette møtet.

Hege Svendsen e.f.
seniorrådgivar

Jørund Jørgensen
seniorrådgiver

jorund.jorgensen@uit.no
77 62 31 33

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

1 Endeleg forslag til ny ruspolitikk for studentar og tilsette ved UiT